



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»


«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

## Høring av søknad om løyve til anleggsarbeid i sjø for utviding av industriområde - Breivika Eigedom Breivika i Bremanger

Breivika Eigedom søker om løyve etter forureiningslova til anleggsarbeid i sjø for å utvide industriarealet sitt. Norconsult har i vedlagte søknad beskrevet arbeida, risikovurdert anleggsarbeida ut frå kjende marine naturtypar og fiskeriinteresser som kan bli negativt påverka av anleggsarbeida og føreslått avbøtande tiltak for å redusere fare for forureining til eit akseptabelt nivå.



Vi ber om Bremanger kommunes vurdering om det omsøkt tiltak er i samsvar med gjeldande<sup>1</sup> reguleringsplan for området og øvrige løyver etter plan- og bygningslova.

Tiltaksområdet ligg i Gulenfjord gytefelt for kysttorsk og det er registrert ein førekomst av tareskog med stortare rett ved utfyllingsområdet.

<sup>1</sup> Detaljreguleringsplan for Breivika industriområde PlanID 4648\_201602



Anleggsarbeida er sprenging i fyllingsfot for stabilisering av fylling og utfylling av ca. 26 000 m<sup>3</sup> stein levert frå Rise massetak. Utfyllinga skjer frå land med lastebil. Dei føreslåtte avbøtande tiltaka er ingen undervasssprenging i gytesesongen til kysttorsk sett til 1 februar til 31. mai. Utfyllinga skal skjermast med siltgardin med feste i botn og måling av turbiditet på utsida av gardina med alarmgrense og stans i arbeida dersom denne vert overskriden. Planlagt oppstart er beskriven "så snart som mogeleg" og med ei antatt varighet på 5 – 6 månader.

### **Ber om eventuelle uttaler innan 30. september 2024**

Statsforvalteren ber om uttaler til vedlagte søknad innan 30. september 2024. Uttaler kan sendes til [fmvlp@statsforvalteren.no](mailto:fmvlp@statsforvalteren.no), merk med referansenummer 2024/12956.

Søknaden, fleire av søknadsdokumenta og Statsforvalterens brev i saka vert gjort tilgjengeleg på Statsforvalterens heimeside: <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

Med helsing

Magne Nesse  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 2024-08-30 SFVL søknadsskjema Breivika Eigedom\_2024-08-30\_etter TFK
- 2 Vedlegg 2 - MARIN 01\_KU-Rapport naturmiljø sjø
- 3 Vedlegg 1 - Kartskisser i relevant målestokk
- 4 Vedlegg 5 - Snitt utfylling i sjø

Kopi til:

Breivika Eigedom  
Norconsult

**Mottakerliste:**

|                               |                             |             |                   |
|-------------------------------|-----------------------------|-------------|-------------------|
| <b>Bremanger kommune</b>      | <b>Postboks 104</b>         | <b>6721</b> | <b>SVELGEN</b>    |
| <b>Fiskeridirektoratet</b>    | <b>Postboks 185 Sentrum</b> | <b>5804</b> | <b>BERGEN</b>     |
| <b>Mattilsynet</b>            | <b>Postboks 383</b>         | <b>2381</b> | <b>BRUMUNDDAL</b> |
| <b>Bergens Sjøfartsmuseum</b> |                             |             |                   |
| <b>Sør-Norges Fiskarlag</b>   |                             |             |                   |